Møtereferat

Tverrkommunal politisk styringsgruppe for Kommunestruktur Herøy, Sande og Ulstein

Tid: Onsdag 19.08.26, kl. 14.00–17:00
Stad: Sande rådhus

Til stades
Herøy kommune: Ann-Kathrin (Tine) Storøy, Karl-Oskar Sævik, Linn-Therese Hansen Sævik, Trond Arne Rossi Aglen, Marte Skrede Hide (tillitsvald) Silje Scheide Mork (kommunikasjonsrådgjevar)
Sande kommune: Dag Vaagen, Einar Arne Ekroll, Unny Iren Haugen, Renathe Rossi Aglen, Amanda Holstad Ramstad (kommunikasjonsrådgjevar)
Ulstein kommune: Stian Skorgen Scheide, Hanne Notøy, Jarl Martin Møller, Anja Ertesvåg (tillitsvald) Hege Nygjerde Sætre (hovudverneombod) Erling Olav Storegjerde (kommunikasjonsrådgjevar)
Prosjektleiing: Lars Erling Bjåstad Hovlid og Julianne Auberg Hauge

Møteleiar: Dag Vaagen
Referent: Julianne Auberg Hauge

Forfall:

Lisa Mari Breivik Anderson og Eli Karin Kvalsund

---

1. **Oppdateringar og status sidan sist**

Det vart gitt ei kort statusoppdatering frå kommunane. Det var ingen vesentlege nye forhold å melde sidan førre møte. Medlemene i styringsgruppa hadde nytta sommaren til å setje seg inn i utkastet til faktagrunnlag frå Telemarksforsking. Møtekalenderen for hausten er justert for å følgje framdrifta i prosjektet.

2. **Involvering av tillitsvalde**

Styringsgruppa drøfta involvering av tillitsvalde og vernetenesta i den vidare prosessen. Det var semje om at deltaking frå tillitsvalde og hovudverneombod vil bidra til openheit, god informasjonsflyt og forankring blant dei tilsette. Representantane deltek i møta og kan kome med innspel, men utan røysterett.

For å sikre innsyn og tilgang til relevant informasjon får dei tillitsvalde og hovudverneombodet tilgang til prosjektet sin Teams-kanal.

Konklusjon: Tillitsvalde og hovudverneombod vert involverte i styringsgruppa og får tilgang til Teams-kanalen for prosjektet. Dei deltek i møta utan røysterett.

3. **Status for utgreiingsarbeidet i regi av Telemarksforsking**

Styringsgruppa drøfta utkastet til faktagrunnlag frå Telemarksforsking. Det vart peika på behov for enkelte korrigeringar og presiseringar, mellom anna knytt til folketalsutvikling, økonomi, gjeld, renteforhold og beskriving av den regionale arbeidsmarknaden. Det vart understreka at faktagrunnlaget i hovudsak er ein statusbeskriving, medan analysane og vurderingane av alternativa vil kome i endeleg rapport.

Prosjektleiinga orienterte om at innspel frå kommunane vil bli vidareformidla til Telemarksforsking, og at endeleg rapport er venta i september.

Konklusjon: Innspel og merknader frå kommunane vert oversende Telemarksforsking. Alle innspel som er sende inn skal delast med styringsgruppa.

4. **Lansering og politisk handsaming av rapport frå Telemarksforsking**

Styringsgruppa drøfta gjennomføringa av fellesmøtet på Breidablikk 24. september, der Telemarksforsking skal presentere rapporten for dei tre kommunestyra. Det var semje om at møtet skal vere eit kommunestyremøte med orientering frå Telemarksforsking, og ikkje eit folkemøte eller ein arena for politisk ja-/nei-debatt.

Det vart understreka at kommunikasjonen i forkant må vere tydeleg på formålet med møtet og kva høve publikum har til å stille spørsmål. Prosjektleiinga tek med seg innspela og avklarar praktisk gjennomføring saman med ordførarane.

Konklusjon: Rapporten vert presentert på Breidablikk 24. september. Ordførarane og prosjektleiinga avklarar praktisk gjennomføring og kommunikasjon rundt møtet.

Politisk handsaming av fase 1

Styringsgruppa drøfta den vidare politiske handsaminga av rapporten frå Telemarksforsking. Kommunestyra i Herøy (1. oktober), Ulstein (22. oktober) og Sande (27. oktober) skal handsame ei sak om kommunane skal gå vidare til neste fase i prosessen.

Konklusjon: Kommunestyra tek stilling til om prosessen skal gå vidare frå fase 1 til fase 2. Saka vil ta utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget frå Telemarksforsking og innehalde forslag til vidare framdrift, innhald i fase 2 og overordna plan for resten av prosessen.

5. **Arbeidsgruppe for innbyggardialog og kommunikasjon**

Prosjektmedarbeidar Julianne Auberg Hauge gjekk gjennom forslag til mandat for arbeidsgruppa for innbyggardialog og kommunikasjon. Det vart peika på behovet for samordna og faktabasert kommunikasjon gjennom heile prosessen, samt å leggje til rette for gode arenaer for informasjon, dialog og medverknad for innbyggarar, tilsette og andre interessentar.

I drøftinga vart det understreka at arbeidsgruppa skal støtte opp om prosessen gjennom å formidle kunnskapsgrunnlaget og leggje til rette for deltaking, medan dei politiske vurderingane og standpunkta ligg til dei folkevalde. Det vart også peika på behovet for ein felles nettstad og ei samla kommunikasjonslinje frå dei tre kommunane.

Konklusjon: Styringsgruppa slutta seg til mandatet for arbeidsgruppa. Gruppa skal arbeide vidare med plan for kommunikasjon, innbyggardialog, medverknadstiltak og etablering av felles nettstad.

6. **Konkretisering av framdriftsplan/tidslinje (45 min)**

Prosjektleiinga gjekk gjennom framdriftsplanen som ligg til grunn for søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet og orienterte om dei ulike fasane i prosessen. Styringsgruppa drøfta særleg korleis prosessen bør organiserast fram mot lokalvalet i 2027, og korleis ein kan sikre god politisk forankring, innbyggardialog og medverknad undervegs.

Det vart drøfta tre moglege alternativ for vidare framdrift: vedtak før lokalvalet i 2027, folkerøysting i samband med valet eller avklaring etter valet. Fleire peika på fordelane ved å få ei avklaring før valet, medan andre var opptekne av å gi innbyggarane tilstrekkeleg tid til å setje seg inn i saka. Gruppa drøfta også behovet for innbyggarhøyring, tilsetthøyring og eventuelle tilleggsutgreiingar i fase 2.

Konklusjon:

Styringsgruppa samla seg om alternativ 1, med mål om å gjennomføre prosessen og eventuelt folkerøysting før lokalvalet i 2027.

7. **Innhald i fase 2: Innbyggardialog, kommunikasjon og medverknad**

Styringsgruppa drøfta kva fase 2 bør innehalde, og korleis ein kan leggje til rette for god informasjon, dialog og medverknad gjennom prosessen. Det vart peika på behovet for å nå ulike

målgrupper gjennom fleire arenaer og medverknadsformer, og å sikre god involvering av både innbyggarar, folkevalde og tilsette.

Vidare vart det drøfta om det skal gjennomførast innbyggarhøyring og eiga høyring blant tilsette, samt behovet for eventuelle tilleggsutgreiingar. Styringsgruppa var samd om at det skal etablerast ein felles nettstad for kommunestrukturprosessen som skal fungere som hovudkanal for informasjon og faktagrunnlag.

Konklusjon: Det skal gjennomførast innbyggarhøyring og tilsetthøyring. Styringsgruppa ønskjer eiga sak om innretning og gjennomføring. Det skal etablerast ein felles nettstad for prosessen. Øvrige spørsmål knytte til kommunikasjon, medverknad og eventuelle tilleggsutgreiingar vert følgde opp i neste møte.

8. Kort status for økonomi og tilskot

Prosjektleiinga orienterte kort om status for prosjektøkonomien og tilskotet frå Statsforvaltaren. Det vart ikkje meldt om forhold som påverkar framdrifta i prosjektet på noverande tidspunkt.

Konklusjon: Styringsgruppa tok orienteringa til vitande.

9. Demokratikonferansen 29.–30. September

Det vart orientert om Demokratikonferansen i Ulsteinvik 29.–30. september. Konferansen har lokaldemokrati og framtidige utfordringar i kommunesektoren som tema, og er relevant for det pågåande arbeidet med kommunestruktur. Kommunestyra i dei tre kommunane er inviterte til å delta, og deltakaravgifta vert dekt gjennom tilskotet frå Statsforvaltaren.

Konklusjon: Styringsgruppa tok orienteringa til vitande og oppmodar folkevalde til å delta på konferansen.

10. Møteplan vidare

Prosjektleiinga orienterte om vidare møteplan for styringsgruppa. Neste møte vert lagt til Ulstein kommune. Prosjektleiinga avklarar endeleg møtedato med ordførarane og sender ut innkalling så snart dette er på plass.

Konklusjon: Neste møte i styringsgruppa vert halde i Ulstein kommune. Prosjektleiinga avklarar tidspunkt og sender ut innkalling.

11. Eventuelt

Det var planlagt ei kort orientering om kommunestrukturprosessen i Ørsta/Volda. Saka vart ikkje handsama på grunn av tidsmangel.

Konklusjon: Saka vert sett opp til orientering på neste møte i styringsgruppa.